



NASJONALT VILLAKSSENTER

Nasjonaale Loesejarnge • Nationála Luossaguovddáš



Øyerogn – like før klekking.

Stiftelsen Nasjonalt villakssenter

STRATEGI

Innhold

1	Nasjonalt villakssenter - utgangspunktet	3
1.1	Villaks er viktig.....	3
1.2	Villaksen som nykkelart.....	3
1.3	Interessekonflikter	3
1.4	Strategisk plan - prosess.....	3
1.5	Oppgave	3
2	Visjon	4
3	Mål og målgrupper	4
3.1	Mål.....	4
3.2	Målgrupper.....	5
4	Verdiar	5
5	Rolle.....	5
5.1	Formidlar	6
5.2	Samarbeidsarena.....	6
5.3	Brbygggar	6
5.4	Kunnskapskjelde og senter for læring	7
5.5	Verdiskaping	7
5.6	Organisasjon og økonomi.....	7
6	Eit digitalt villakssenter for born?	7

1 Nasjonalt villakssenter - utgangspunktet

1.1 Villaks er viktig

Atlantisk laks er symbolet på Noreg med reint vatn – aktivt fiske i elvar og fjordar - berekraftig lakseoppdrett. Laksen er ein av dei fyrste innvandrarane etter istida, men er nå trua i heile leveområdet i Europa og Nord-Amerika. Nær ein tredel av den atlantiske laksen i verda, gyter i norske elvar, og han er ein internasjonal ansvarsart for Norge. Innsiget av atlantisk laks til norske lakseelvar er halvert sidan 80-talet, men framleis har Noreg meir enn 400 laksevassdrag. I heile landet er sterke kulturelle og næringsmessige verdiar og tradisjonar knytt til villaksen.

Noreg er den atlantiske villaksen sitt siste håp.

1.2 Villaksen som nyckelart

Grunnsteinen i eit berekraftig samfunn er forståing av natur og artar sin eigenverdi, og eit samspel mellom natur og menneske, bygd på desse verdiane. Villaksen er ein miljøindikator – har han det bra så er miljøet bra. Vår forvaltning av villaksen er ein test på det berekraftige samfunnet. Me skuldar kommande generasjonar å lukkast.

1.3 Interessekonfliktar

Nasjonalt og lokalt er det sterke spenningar og motsetnader mellom aktørar – kraftselskap, laksefiskarar, fiskerettshavarar, urfolk, oppdrettarar m.m. - med interesser knytt til villaksen og leveområda hans. Spenningane er prega av fastlåste posisjonar og handlingsmønster. Dialog med felles forståing og kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for å samle kreftene og ta vare på villaksen. Nasjonalt villakssenter har starta dialog med alle interessentane lokalt og sentralt under mottoet – alle skal med!

1.4 Strategisk plan - prosess

Arbeidet med strategisk plan tok til i styremøte 12.11. 2019. Etter drøfting i to styremøte vart planen lagt fram for aktørar med interesser knytt til villaksen og leveområda hans. Aktørane slutta seg til hovudtrekka i planen. Skriftlege innspel kom frå Norges Jeger- og Fiskerforbund og Naturvern-forbundet.

Planen er lagt fram for dei tilsette. Dei kom med innspel våren 2020. Etter rekruttering i Lyngdal og Tana sommaren 2020, vart visjon og strategiar tekne opp på nytt som del av arbeid med ein overordna kommunikasjonsplan.

Det er behov for klare mål, eit målhierarki, ein analyse og sortering av interessentar som grunnlag for konkretisering og målretting av tiltak. Det vart engasjert ekstern konsulent som prosessleiar og -støtte. Oppsummering frå prosessen ligg føre. Innspel er arbeidd inn i strategien.

1.5 Oppgåve

Stiftelsen Nasjonalt villakssenter (NVL) er ein allmenntilgjengelig stiftelse stifta i 2019 med staten ved Miljødirektoratet som stiftar. Stiftelsen er landsdekkande og har intensjonsavtalar med kommunane Lyngdal, Lærdal, Namsos og Tana om at dei skal husa einingar, eller senter, som formidlar kunnskap og informasjon om villaks.

Den samiske kulturen er sterkt knytt til laksen og utnyttinga av han. Me har både sør- og nordsamisk språk. Namsos ligg i sørsamisk område, Tana i nordsamisk. NVL sin ambisjon er å legge alt materiale til rette med samisk språkdrakt. Dette skapar eit ekstra behov for ressursar.

Lakseforvaltninga i samiske område krev dialog mellom tradisjonskunnskap naturvitskapleg kunnskap. Det behov for å omsette samiske ord og uttrykk knytt til laksen til norsk, og å omsette biologisk naturvitskapleg språk og termar til samisk.

Nasjonalt villakssenter har som oppgåve

- å formidle kunnskap om villaksen i skjeringspunktet mellom forskning og forvaltning
- bidra til bevaring og berekraftig bruk av villaksen
- vere brubyggar mellom ulike interesser knytt til villaksen sitt liv og leveområde.

Primæroppgåva er formidling av kunnskap, sekundæroppgåva å vere brubyggar.

2 Visjon

Nasjonalt villakssenter sin visjon er: Villaks – felles arv – felles ansvar!

Det er ingen som eig villaksen, men han er vår. Han vert dermed også vårt felles ansvar. Felles forståing og kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for å samle kreftene og ta vare på villaksen. Dette er brua me må bygge. Skal me klare å bygge brua er me avhengige av tillit. Då må det vere samsvar mellom ord og handling over tid, kommunikasjonen må vere ærleg, og det må vere klart for alle kva me står for.

3 Mål og målgrupper

3.1 Mål

Gjennom drøftingar har Nasjonalt villakssenter formulert **ein sterkare villaks** målt i folk sitt medvit, engasjement og dialog som hovudmål. Dette skal i sin tur – på lang sikt - gje fleire levedyktige laksestammer. Målformuleringa bygger på følgjande delmål:

- Styrke omdøme/tillit til Nasjonalt villakssenter
- Tydeleg, fagleg tyngde og respekt for ulike synspunkt i kommunikasjonen
- Auka engasjement for villaks hjå ulike målgrupper (særleg born og unge)
- Auka offentleg og privat finansiering
- Auka fellesskap og trivsel blant tilsette



3.2 Målgrupper

Born og unge er definerte som NVL si hovudmålgruppe. Sekundær målgruppe er dei interessentane som formidlar kunnskap og informasjon til born og unge, særleg i undervisningssamanheng. Lærarar og faggrupper som utviklar undervisningsmaterieill (lærebokforfattarar) er særleg viktige. Desse har fyrsteprioritet.

Det er knytt ei rekke ulike interesser til villaksen og leveområda hans. Desse er både samanfallande og motstridande. Nasjonalt villakssenter har i oppdrag å vere ein brubyggar mellom interesseemotsetnadene for å få ein sterkare villaks. Vår informasjon må difor også nå ut til interessegruppene. Desse har andreprioritet.

Me ønsker også å nå ut til allmenta. Desse har tredjeprioritet.

4 Verdier

Våre verdier fortel kva me skal stå for som organisasjon. Stiftelsen Nasjonalt Villakssenter skal vere:

- kunnskapsbasert
- objektiv
- engasjerande
- samskapande

Verdiane er førande for organisasjon og tilsette.

5 Rolle

NVL skal vere ein formidlar, ein brubyggar, ei kunnskapskjelde og eit senter for læring. Dette er presisert til at NVL sine fire sentra skal vere ein aktiv og attraktiv samarbeidsarena og møteplass for ulike interessentar.

Kvart senter er del av ein region med si spesifikke stode, utvikling, utfordringar, kultur og tradisjonar knytt til laksestammene. Dei får kvart sitt tematiske tyngdepunkt, medan summen speglar den nasjonale stoda og utviklinga.

Stiftar har i det førebuande arbeidet til opprettinga vore klar på at Nasjonalt villakssenter ikkje skal vere eit ombod for villaksen. Av dette følj at Nasjonalt villakssenter ikkje er eit høyringsorgan i høve tiltak og avgjerder som knytt til villaksen og leveområda hans.

Styret har hatt ein grundig diskusjon om habilitet. For styremedlemmene i høve behandling av styresaker, men også for dei enkelte sentra og den nasjonale overbyggingen. Det er særleg viktig å opptre upartisk og uhilda. Det siste er viktig i høve rolle og rolleforståing, og for å ha ein god dialog med alle partar.

Ut frå det som er gjort greie for over legg me følgjande føringar til grunn for Nasjonalt villakssenter si åtferd. Me skal mellom anna

- Opptre upartisk og uhilda og skape tillit blant dei ulike aktørar med interesser knytt til villaksen og hans leveområde
- Vektlegge å få fram breiast og mest muleg oppdatert kunnskap innanfor eit område, utan å ta stilling
- La dei ulike aktørane sleppe til med sine forteljingar og synspunkt

5.1 Formidlar

Villakssentra skal spreie kunnskap og bygge haldningar som hjelper til å sikre villaksen, leveområda hans og kulturen knytt til han.

Tiltak er:

- Undervisning og rettleiing for skuleverket
- Kurs og opplæring
- Utstilling
- Web
- Felles årleg tema for alle senter

5.2 Samarbeidsarena

Villakssentra skal være en aktiv og attraktiv samarbeidsarena og møteplass for ulike interessentar. Kven interessentane er, vil variere mellom dei fire sentra.

Tiltak er:

- Dialog mellom aktørar
- Fagleg møteplass
- Seminar
- Fagdagar
- Kontorfellesskap

5.3 Brubyggar

Felles forståing, kunnskapsgrunnlag og respekt for ulike interesser, ein føresetnad for å samle kreftene og ta vare på villaksen. Dette er brua me må bygge. Skal me klare å bygge brua er me avhengige av tillit. Då må det vere samsvar mellom ord og handling over tid, me må vere ærlege i kommunikasjonen og det må vere klart for alle kva me står for.

5.4 Kunnskapskjelde og senter for læring

Villakssentra skal vere eit bindeledd mellom allmenta, forskning og forvaltning. Me hentar og formildar kunnskap frå ulike kjelder og fagmiljø, og skal fungere som kjelde til kunnskap og senter for læring.

Tiltak er:

- Formidle data frå villaksforskning og -forvaltning, internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt
- Tilgang til relevant litteratur
- Oppdatert kunnskap om regionen

5.5 Verdiskaping

Villakssentra skal arbeide for brei verdiskaping på villaksen sine premissar, dvs. miljømessig, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping som er gjensidig avhengig av kvarandre.

Tiltak er:

- Profilere og marknadsføre villakssentra
- Fremje villaks som oppleving og kulturberar
- Samarbeide med relevante aktørar
- Bidra til å utvikle produkt

5.6 Organisasjon og økonomi

Villakssentra skal ha eit arbeidsmiljø prega av trivsel, arbeidsglede og høg produktivitet med fokus på kompetanse for dei tilsette og sunn økonomi.

Tiltak er:

- Lagbygging i og mellom sentra
- Kompetanseheving
- Synergjar mellom sentra
- Kostnadseffektiv administrasjon
- Sikre årleg statleg løyving
- Søke andre inntektsmoglegheiter

6 Eit digitalt villakssenter for born?

Me har behov for å nå ut over besøkande til våre sentra - til breie lag av folket over heile landet. Dette kan gjerast gjennom digitale plattformer. Ein ide er å utvikle eit digitalt villakssenter primært retta mot born og unge, gjerne i samarbeid med andre og gjerne som eit leik-og-lær-tilbod. Gjennom den interne målprosessen har eit digitalt villakssenter for born mogna fram som eit samlande prosjekt.


Effekten av prosjektet skal vere ei auka forståing, verdsetting av historiske og framtidige verdiar, kultur og tradisjonar som er knytte til villaksen. Dette skal munne ut i eit auka engasjement for å ta vare på han for kommande generasjonar, og - som ein avleia effekt av dette – meir og fleire levedyktige laksestammer.

Resultatet av prosjektet skal vere det me kan kalle eit «digitalt villakssenter» i form av ein digital plattform for kunnskapsformidling om villaksen og leveområda hans. Plattformar skal kunne brukast i fysiske utstillingar og på digitale flater.

Plattforma skal konkretiserast primært på teknologi med eit breitt nedslagsfelt i målgruppene. Det vil seie smarttelefon, heimesider og sosiale media. Teknologien skal også kunne brukast på dei lokale villakssentra gjennom digitale opplevingar som til dømes VR-forteljingar. Ho skal styrke den samla opplevinga av eit besøk.

Plattforma skal utviklast i trinnvis.

Ei skjematisk framstilling av tenkinga går fram av figuren under.



Det bærande elementet er forteljingane me ønsker å formidle. Frå dette fundamentet kan me bygge og utvikle gode levande heimesider og levande kanalar på sosiale media. Forteljingane dannar basis for å formidling gjennom utstillingar, kunnskapsspel og konkurransar. For å nå born og unge, må spel og konkurransar leggstil rette for smarttelefonen.

Dette kan fungere som eit rammeverk for det langsiktige arbeidet og konkretisert i aktivitetsplanar. Arbeid med heimesider og sosiale media er godt i gang. Utvikling av ein app krev kunnskap om målgruppa før ein startar arbeid med utforming. Det vil krevje midlar til investering, drift og vidare utvikling.

Me ønsker å utvikle tilbodet saman med andre aktørar og næringsinteresser.